



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Samordna uttale med motsegn - Offentleg ettersyn - temarevisjon - Meland - kommuneplan - arealdel

Vi viser til brev frå kommunen av 30.04.2019, med melding om temarevisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Tema for revisjonen er:

- Areal for havbruksnæringa på land og vatn, areal for djupvasskai
- Reiselivsrelatert næringsutvikling og Meland golf
- Areal for gjenbruksmassar

Samordning

Forsvarsbygg varsla mogleg motsegn i brev av 07.05.2019. Plankartet i planforslaget hadde ikkje teikna inn riktig avgrensing av forbodsområde etter FOR-2018-12-20-2058. Forsvarsbygg har fått tilbakemelding frå kommunen om at riktig utstrekning og avgrensing av forbodsområdet vil bli korrigert. Under føresetnad av dette vert godtgjort, så vil Forsvarsbygg ikkje fremje motsegn til arbeidet med temarevisjon av kommuneplanens arealdel. Fylkesmannen legg til grunn at dette temaet er løyst i dialog mellom kommunen og Forsvarsbygg.

Dei andre statsetatane har sendt sine uttaler til kommunane utan motsegn.

Fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunen hadde møte om planen den 17.06.19. Her blei moglege konfliktpunkt diskutert. Fylkesmannen sendte eit notat datert 18.06.19 til kommunen som oppsummering av møtet. Fylkesmannen fekk utvida frist for medverknad til etter at kommunen har kome med eit revidert forslag. Det vart avtalt eit dialogmøte med kommunen den 27.09.2019 for å avklare dei siste punkta.

Under kjem ei oppsummering av dialog med kommunen både før, etter og i dialogmøtet.

Fylkesmannen sine merknader

Akvakultur

I notatet etter møtet skreiv vi:



«Kommunen har utvida eit akvakulturområde, delt eit større fleirbruksområde opp i to mindre, lagt inn eit nytt akvakulturområde og to nye område tenkt til tarebruk. Planseksjonen meiner konsekvensutgreiinga er god på fleire område, men ho er ikkje god nok på vurdering av mogelege verknader for naturmangfald, inklusive samla verknad for heile fjordsystemet. Det manglar tilstrekkeleg opplysning om- og vurderingar av tilstanden for villaks og sjøaurestammane i fjorden og om lakselussituasjonen i fjordsystemet. Vi viser her til naturmangfaldlova §§ 1, 5, 13 (kvalitetsnorma for villaks) og miljørettsprinsippa i §§ 7 og 8-12. Vidare viser vi til Lov om laksefisk og innlandsfisk mv., §§ 1, 2, andre lekken og 7.

Som kjelde til kunnskap om bestandar og verknader viser vi mellom anna til Lakserogisteret og den nasjonale overvakinga av lakselus, samt årlege risikovurderingar i regi av Havforskningsinstituttet. Dette er kjelder til nasjonale rammer som skal vere føresetnader for planarbeidet og til kjend kunnskap som må nyttast for å støtte krava i pbl. § 4 og i KU-forskrifta. Utan at dette er på plass, vil det ikkje vere råd å vurdere verknadane av planen opp mot statlege naturmangfaldsyn.

AK_3 er eit nytt område for akvakultur som skal erstatte området i Laksevika. Laksevika er ikkje tatt ut av plankartet og det bør gjerast. Kommune kan enten ta ut formålet frå kartet eller ha ei føresegn om at laksevika ikkje skal nyttast til akvakultur etter at eksisterande anlegg har flytta til ny lokalitet.

I føresegn 3.3.3 står det at fortøyingar i størst mogleg grad skal etablerast innanfor området, men det kan også leggjast fortøyingar i hovudformål i sjø (føresegn 3.3). Vi har forstått det slik at det er eit ønske om å ha så store område for akvakultur at det er plass til fortøyingar innafor område. Fylkesmannen er positiv til dette, men meiner at det ikkje då bør opnast for fortøyingar i hovudformålet i tillegg.

Føresegn 3.3.3 opnar for at kommunen kan krevje reguleringsplan i AK-områda. Kommunen kan uansett krevje reguleringsplan om dei meiner det er naudsynt, men meiner det likevel kan vere klargjerande at dette vert tatt inn i føresegna. I kommunikasjon med kommunen har det blitt klart at det er mest aktuelt å krevje reguleringsplan i kombinert formål FEFIKFR 1 og 2. Føresegna om at kommunen kan krevje reguleringsplan bør difor også stå under punkt 3.3.6 i føresegnene.

Store deler av austsida av kommunen vert sett til kombinert formål ferdsel og akvakultur. Konsekvensutgreiinga legg til grunn at desse områda berre kan nyttast til oppdrett av tare. Vi kan ikkje sjå at dette er følgt opp i føresegna, det må gjerast. Område FEAK_2 er over 3 km langt og ligg heilt opp til land. Kommunen bør vurdere om det er naudsynt å sette av eit så stort område.

Konklusjon

I møte med kommunen vart det semje om at kommunen skal arbeide vidare med konsekvensutgreiinga på naturmangfald på eit overordna nivå. Kommunen skulle også ta inn føresegn om at FEAK 1 og 2 berre opnar for tareproduksjon og at kommunen kan krevje reguleringsplan i FEFIKFR 1 og 2. Fylkesmannen kan ikkje ta stilling til område som opnar for akvakultur før konsekvensutgreiinga er oppdatert på naturmangfald.»

Kommunen har no retta opp føresegna. Det er tatt inn ei føresegn 3.3.3 punkt 3, der det står at Laksevika ikkje skal nyttast til akvakultur etter at eksisterande anlegg har flytta til ny lokalitet. Det er lagt inn føresegn om at det berre kan opnast for tareproduksjon i områda FEAK 1 og FEAK 2 og at kommunen kan krevje reguleringsplan i områda FEFIKFR 1 og 2.

Fylkesmannen har også mottatt ei oppdatert konsekvensutgreiing for akvakulturområda. Konsekvensutgreiinga på enkeltområda er oppdatert på relevante tema, og er blitt betre på tema som villfisk og lakselus. Sjølv om konsekvensutgreiinga er blitt meir utfyllande, meiner vi det framleis er manglar i konsekvensutgreiinga. I områda FEFIKFR_1 og 2 kan vi ikkje sjå at det er gjort



botnundersøkingar. I område i nærleiken er det observert spreidde førekomstar av korallar, og ein må undersøke om det kan vere korallførekomstar i dei aktuelle områdene også. I konsekvensutgreiinga står det at Mangerfjorden er ei del av vandringsruta for laks og sjøaure til og frå fjordane og elvane rundt Osterfjorden. I vurderinga av naturmangfald står det: *Meir akvakultur i eit fjordsystem vil auke samla belastning i fjordsystemet. Med omsyn til villaks og sjøaure vil meir akvakultur og auking i oppdrettfisketleik ha ein negativ effekt, m.a. grunna auka risiko for rømming, auka smittepress med omsyn til lakselus og patogenar/sjukdom.* Vi finn ikkje dette igjen i vurderinga av forslaget der forslaget vert tilrådd. Er det fornuftig med to nye områder for akvakultur i utvandringstraseen?

Vi har også mottatt ei vurdering av samla belastning på fjordsystema. Vi finn ikkje igjen temaa villaks/aure og lakselusproblematikken i vurdering av samla belastning. Denne er ikkje god nok til at vi kan vurdere verknaden av planen for villaks og aure.

Kommunen har valt å ta ut AK3, så den kommenterer vi ikkje. Områda FEFIKFR_1 og 2 manglar undersøking av botn. Vi kan ikkje sjå at funna i KU på verknad for villaks er konkret vurdert. Villaks og aure som vandrar i Mangerfjorden skal forbi fleire akvakulturområder og smittepresset er høgt. Dei nye områda vil bli enda eit område fisken skal passere. Er dette likevel eit bra område for nye akvakulturområde?

Vi meiner det er store naturmangfaldinteresser i fjordsystemet og at det er avgjerande at det vert gjort ei samla vurdering av belastning av fjordsystemet. Dette vert best gjort ved å utarbeide i interkommunal plan for sjøområda.

Landsvik

I notatet etter møte skreiv vi:

«Dette området på land vart fremma som næringsareal N14 ved førre rullering av kommuneplanen sin arealdel. Fylkesmannen vurderte då at planformålet var i strid med nasjonale føringar for bustad, areal og transportplanlegging (SPR-BATP), strandsone, landskap og landbruk. I dialog med kommunen vart det semje om at kommunen stod fritt til å gje signal om at ein vil sikre ei tenleg framtidig utvikling i området, men at området skulle visast som LNF. Dagens kommuneplan viser òg området som LNF, med krav om infrastruktur.

Kommunen vil no leggje dette området pluss eit område i sjø med formål næring. Det er føresegn om at området kan nyttast til landbasert akvakultur og djupvasskai. Det er framleis omsynsone for særleg krav til infrastruktur på området, med krav om at før området kan planleggjast, må ny samferdselsstruktur vere godkjent.

Vi kan i utgangspunktet ikkje sjå at det er store endringar sidan siste rullering av kommuneplanen og forslaget ber preg av ein omkamp.

Konklusjon

Planseksjonen ser ikkje at det har kome til ny kunnskap som reduserer dei negative verknadane som var grunnlag for Fylkesmannen si motsegn ved førre rullering. Vi stiller oss såleis kritisk til at området vert forsøkt lagt inn att som næringsareal i denne rulleringa. Dersom det ikkje vert teke ut som følge av dette og den førebelse dialogen, vil Fylkesmannen måtte vurdere å fremje motsegn.»

Kommunen har no tatt næringsarealet ut av planen.



Reiselivsrealert næringsutvikling og Meland golf

I notatet etter møtet skreiv vi:

Det vert i denne planen lagt ut 2 nye område for reiseliv som LNF-spreidd næring og eit som næringsbygg knytt til reiseliv- og kursverksemd knytt til garden.

SN_24 Furuskjegget: Område ligg i strandsona, med eit naustområde i forkant. Verknaden på strandsona er ikkje vurdert i konsekvensutgreiinga. Det opnast for utleigehytter, servering og overnatting utan plankrav. Det er plankrav for meir enn 4 hytter med servicelokale. Det meste av området er del av eit registrert friluftslivområde (Espetveit-Skarpeneset), tiltaket sin innverknad på desse verdiane er heller ikkje vurdert. Fylkesmannen meiner at utleigehytter er eit tiltak som ikkje treng å liggje i strandsona. Om det skal vere aktuelt, må strandsoneverdiane konkret vurderast og takast tilstrekkeleg omsyn til.

SN_25 Gripen: I formålet vert det lagt opp til tretopphytter og lavvo for utleige, utan krav til reguleringsplan. Området ved Storavatnet har store verdier på fleire felt. Det ser ut som dei to områda ligg rett utanfor område som er foreslått som område for skogvern. Det er også fleire viktige naturtypar i nærleiken, som naturbeitemark og regnskog. Friluftinteressene er svært store. Konsekvensutgreiinga underkommuniserer verdiane i området og føresegna avgrensar ikkje i stor nok grad omfanget av tiltak ein kan føre opp. Fylkesmannen finn å kunne godta det sørlege område om kommunen avgrensar omfanget til 2-3 tretopphyttar i føresegnene. Vi er meir kritisk til å sette det nordlege området som LNF-næring. Det bør ikkje førast opp permanente byggverk her og tiltak her bør vere i samsvar med ordinært LNF-formål. Kantvegetasjon til vassdraget er verna etter vassressurslova § 11 og dette må handterast i planen.

SM_2 Io legg i dag opp til 30-50 båt plassar. I forslag til ny kommuneplan vert det lagt opp til 150 båt plassar innafør same område. Planseksjonen er opptatt av at småbåthamna vert etablert innafør formålsgrensa og vi stiller spørsmål ved om det er plass til eit så stort tal båt plassar innafør formålet.

Meland golf: Kommunen har eit store ambisjonar for Meland golf. Målet er å utvikle området som eit rekreasjonsområde i Alver og i eit regionalt perspektiv. Utviklingsplanane er å oppgradere golfbana og legge til rette for naturpark. Det er planar om hotell, bustader og sørvistilbod i området. Etter det vi kan sjå er dei einaste endringane som er gjort å leggje inn omsynsone for felles planlegging (H-810). Det er ikkje tilhøyrande føresegn til dette området og formålet her samsvarer ikkje med store planar for utbygging. Området har også omsynsone H910 for videreføring av reguleringsplanen i område. Slik området ligg i kommuneplanen kan vi ikkje sjå at den opnar for planane som vert skildra i planskildringa.

Konklusjon

Kommune skal vurdere strandsoneverdiane i SN_24 og om ein framleis meiner at det er greitt med utleigehytter her, må føresegna ramme inn omfang av tiltaket på ei betre måte. Kommunen signaliserte også at dei kan ramme inn SN_25 med klare føresegner på kva ein kan opne for. Når det gjeld Meland golf skal kommunen legge inn føresegn til omsynsone. Fylkesmannen vil ta stilling til ein eventuell reguleringsplan når den kjem, men vil allereie no signalisere at vi vurderer strandsoneverdiane i området til å vere svært store. Både strandsona og BAMP vil vere viktige tema i vidare prosess.

Kommunen har lagt inn føresegn om omfang av tiltak i SN_24 og 25 og det nordlege området i SN_25 er tatt ut. Vi har forstått det slik at det er gjort strandsonevurderingar på område SN_24, men vi har ikkje fått dette oversendt.

Areal for gjenbruksmassar

I notatet etter møtet skreiv vi:



«Kommunen har i temarevisjonen arbeidet med å finne område for massehandtering. Det er lagt inn to område med formål bygg og anlegg som kan brukast til plassering av overskotsmassar. Desse har plankrav, som mellom anna skal sikre krav om tilbakeføring til landbruksareal. Det er også lagt inn 10 områder med formål LNF-spreidd næring som skal være for varig plassering av jordmassar som er eigna til landbruksproduksjon.

SN_14 ligg nær Mjåtveitvassdraget. Dette vassdraget har tidlegare hatt elvemuslingar som har døydd ut grunna avrenning frå ulike byggeprosjekt og tiltak. Det pågår no eit arbeid med tilbakeføring av elvemusling til elva. Det er difor svært viktig at det ikkje kjem avrenning til vassdraget. Området bør takast ut av planen.

Føresegnene til LNF-spreidd næring bør vere meir presise. Det står ikkje noko om kor mykje massar som kan plasserast her og kva tidshorisont som er aktuell før området skal vere ferdigstilt som jordbruksareal. Dette er viktig for å avklare om det bør vere plankrav til områda.

Føresegn 3.1.3 ligg under ordinært LNF-formål. I samtale med kommunen har vi forstått att dette er ein feil. Vi legg til grunn at kommunen retter dette opp.

Konklusjon

Kommunen meinte at føresegn 3.1.3 på ei god nok måte fanga opp kor store mengder ein kan plassere i området og at det ei tidsavgrensing er lite fleksibel og kan føre til uheldige løysingar. Når det gjeld SN_14 meinte kommunen at det kan vere fornuftig med ei føresegn om at det må gjerast ei særskilt vurdering for å sikre at det ikkje kjem avrenning til vassdraget. Fylkesmannen vil vurdere saka endeleg etter dette, men vi signaliserer på dette stadiet at vi er svært opptatt av det ikkje kan vere tvil om at krava i vassforskrifta til framtidig tilstand i vassdraget skal nåast og at naturmangfaldlova sine relevante føresetnader m.a. (bevaringsmål for artar, nasjonal handlingsplan for elvemusling og miljørettsprinsippa i §§ 7 og 8-12) vert oppfylt. Vi rår til ein tett kontakt med miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen i det vidare arbeidet.»

Kommen har tatt ut område SN_14 frå planen.

Bruk av omsynssone H910

I notatet etter møtet skreiv vi:

«Kommunen nyttar omsynssone H910 på dei fleste reguleringsplanar i kommunen. Vi viser til Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister, del 1, side 30:

«Hensynssone 910 skal kun benyttes der en reguleringsplan skal videreføres uendret. Pbl. § 11-8 tredje ledd bokstav f) forutsetter at arealformålene i reguleringsplanen er i samsvar med kommuneplanens arealdel for at hensynssone 910 kan brukes. Det er ikke en uendret videreføring hvis det oppstår motstrid mellom kommuneplanens arealdel og reguleringsplanen, for eksempel fordi kommunen fastsetter generelle bestemmelser til kommuneplanens arealdel som skal gjelde foran reguleringsbestemmelsene i planen. Med mindre også reguleringsbestemmelsen endres tilsvarende, kan hensynssonen i et slikt tilfelle ikke benyttes, jf. pbl. § 11-9.»

Omsynssone H910 krev at reguleringsplanen blir ført vidare uendra, utan noko som helst endring. Den kan ikkje kombinerast med at deler av ny kommuneplan skal gjelde saman med reguleringsplanen.

Vidare er det krav om ny gjennomgang av vedtekne planar ved ei kommuneplanrullering. For omsynssone H910 kjem det fram i pbl. § 11-8 tredje ledd f. Det må gå fram av forslaget til kommuneplan at alle



reguleringsplanar som skal gjelde uendra vidare, er gått igjennom og vurdert i høve til nye regionale og nasjonale føringar. Dette kan gå fram av planomtalen, men det må vere ein reell gjennomgang. Elles gjeld hovudregelen i pbl. § 1-5 om at kommuneplanen som den sist vedtekne planen supplerer og endrar tidlegare vedtekne planar.

Planseksjonen vil presisere at når ein nyttar omsynsone H910 skal reguleringsplanen gjelde uendra. Ein kan ikkje supplere med, til dømes, byggegrense mot sjø i kommuneplanen for eldre reguleringsplanar som ikkje har dette.

Konklusjon

Vi oppfatta at kommunen var innstilt på å endre bruken av omsynssona.»

Kommunen har oppdatert føresegn og plankart. Etter det vi kan sjå er det ikkje lenger ei opplagt motstrid i planen på dette punktet. Kommunen seier også at dei har gjort ei nøye vurdering av dei planane som vert vidareført uendra, men vi kan ikkje lese ut av plandokumenta vi har motteke kva vurderingar som er gjort. Vi meiner dette er ei mangel ved planen. Etter dialogmøtet har Fylkesmannen fått ei oppdatert planskildring.

Samfunnstryggleik og beredskap (ROS-analysar)

I notatet etter møtet skreiv vi:

«Det generelle inntrykket av ROS-analysen er at den på fleire område er tynn. Vi saknar både meir detaljert skildring av aktuelle risiko- og sårbarheitstilhøve så vel som ei betre grunngeving for dei val som er gjort med omsyn til kva tilhøve ein har tatt med i ROS-analysen. Vi viser i så måte m.a. til **KMD-rundskriv H-5/18 samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling** med omsyn til krav og forventningar til samfunnstryggleik i planlegging og byggjesakshandsaming. Vidare vil vi òg vise til **DSB Veileder Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging**.

I planskildringa vert det vist til kommunen sin heilskaplege ROS-analyse, noko som m.a. er i samsvar med forventningane i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3 bokstav b), men samstundes bør ein vere merksam på at ROS-analysar på ulike tema/nivå krev ulik tilnærming. Det betyr i praksis at akseptkriteria vil kunne variere. Vi ser elles at det ikkje er samsvar mellom frekvensinndeling (gjeld S1) på side 21 i planskildringa og i ROS-matrisen på side 23. I praksis manglar intervallet 100-1000 år i tabellen på side 21, og sjeldnare enn kvart 1000. år i ROS-matrisen. Vi saknar og ein omtale av krav i t.d. TEK 17, kap.7 med omsyn til skred- og flaumfare, sjølv om bruk av sikkerheitsklasser i hovudsak først vert aktuelt på reguleringsplannivå.

Sidan dette er ein kommuneplan skal ROS-vurderingane gjerast på aktsemdsnivå med unntak av område der ein tillét direkte utbygging på grunnlag av kommuneplanen utan å krevje reguleringsplan, t.d. i område for LNF spreidd. Her må ROS-analysen vise alle risiko- og sårbarheitstilhøve som kan ha innverknad på vurdering av i kva grad arealet er eigna for føremålet, og om utbygginga eventuelt kan medføre endringar i risiko- og sårbarheitstilhøva. Vi kan ikkje sjå at det er gjort.

Klima og klimaendringar er nemnt i den generelle omtalen av hendingar i avsnitta om samfunnstryggleik/ROS-analyse, men ikkje følgd vidare opp med konkrete ROS-vurderingar, omsynssoner og føresegner. Vidare saknar vi aktsemdskart for flaum i planutkastet.

Tilsvarande ser vi lite spor av S´en i ROS, dvs. kartlegging og vurdering av sårbarheit. Vi tenkjer her mellom anna på kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar som det kan vere behov for å ta særskilt omsyn til. Det same gjeld verksemdsbasert risiko. Her står det berre: «Brann og eksplosjonsfare er vurdert,



men det er få stader i kommunen det ligg føre slik fare.» Desse område bør nemnast. I tillegg bør òg eventuell annan verksemdsbasert risiko takast med i vurderingane, t.d. reaksjonsfarlege og trykksette stoff mv.

Konklusjon

Planseksjonen meiner kommunen må jobbe meir med ROS-analysen.»

Kommunen har fått oppdatert ROS-analysen, som Fylkesmannen fekk oversendt etter dialogmøtet.

Kantvegetasjon til vassdrag

Byggjegrænse mot vassdrag for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er sett til 0 meter. Byggjegrænse mot vassdrag kan ikkje vere 0 meter. Vi vil minne om at det ikkje er lov å fjerne kantvegetasjonen langs vassdrag utan løyve frå Fylkesmannen jf. vassressurslova §11.

Utvida dialog med kommunen

I tråd med rutinane for samordningsforsøket har Meland kommune og Fylkesmannen ønska eit dialogmøte om planen, før det vert tek stilling til om det lyt fremjast motsegn. Møtet vart halde den 27.09.2019 i Statens hus. Hordaland fylkeskommune og Forsvarsbygg ønska også å vere med.

Til stades frå Meland kommune

- Øyvind Oddekalv
- Nils Marton Aadland
- Martin Kuliild
- Laila Bjørge
- Kristin Nåmdal

Til stades frå Hordaland fylkeskommune

- Vibeke Lokøy

Til stades frå Forsvarsbygg

- Cato Dørmænen

Til stades frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim
- Egil Hauge
- Hege Brekke Hellesøe

Tema som vart drøfta

Det vart ønska velkommen og dialogpunkta vart så presentert og diskutert. Dei fleste merknadene frå Fylkesmannen var allereie handtert før dialogmøtet. Det gjenstod tre punkt: handtering av akvakultur, vurdering av vidareføring av gjeldande reguleringsplan uendra og ROS-analysen. Nedanfor gjev vi att konklusjonane på dei einkilde punkta og konklusjon etter vidare dialog med kommunen etter møtet.

Vurdering av vidareføring av gjeldande reguleringsplan uendra

Kommunen kan anten gjere ei vurdering av reguleringsplanane dei ønsker å vidareføre uendra eller la vere å bruke omsynsona og la nyaste plan gjelde ved motstrid. Kommunen har valt det første og har sendt ei oppdatert planskildring der dei gjer greie for at dei ikkje lenger har planar i strandsona med omsynssone H910. Fylkesmannen meiner dette er godt nok.



ROS-analysen

Kommunen har oppdatert ROS-analysen etter merknader frå Fylkesmannen. På dialogmøtet hadde Fylkesmannen endå ikkje fått oversendt ROS-analysen, og det blei fremja motsegn slik at vi kan vurdere den. ROS-analysen vart oversendt 1. oktober og vi vurderer den som god nok.

Akvakultur

Det vert fremja motsegn mot alle akvakulturområde i kommuneplanen som ikkje har ei god nok vurdering av samla belastning av fjordsystemet. Fylkesmannen meiner det er store naturmangfaldinteresser i området, som er under stort press. Planen tek ikkje tilstrekkeleg høgde for dette og legg ikkje til grunn statlege rammer, mellom anna kva gjeld tilstanden for anadrome fiskebestandar, jf. lakse- og innlandsfisklova §§ 1, 2 og 7. Fjordane kring Meland er særskild viktige utvandringsområde for laks frå fleire viktige vassdrag, mellom anna frå Vossavassdraget, og viktige beite og oppvekstområde for sjøaure. Forsking syner at påverknaden på vill laksefisk frå lakselus i Nordhordland er svært høg. I tillegg er miljøtilstanden i byfjordbassenget, inklusive Herdlefjorden, ut til terskel ved Herdla under sterkt press og i negativ utvikling når det gjeld oksygeninnhald. Verknaden av meir akvakultur i fjordsystemet er ikkje godt nok vurdert i planen. Den beste måten å løyse dette på er å utarbeide ei interkommunal plan for sjøområda, som best tilgjengelege kunnskap og gjeldande statlege miljømål, slik Fylkesmannen òg har prøvd å leggje til rette for gjennom rettleiing og bruk av skjønsmidlar.

Konklusjon

Fylkesmannen i Vestland fremjar motsegn mot akvakulturområda i kommuneplanen som ikkje har ei god nok konsekvensutgreiing og vurdering av samla belastning av fjordsystemet. Vi legg til grunn at kommunen har løyst motsegn frå Forsvarsbygg.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

Forsvarsbygg

Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER